



MØTEREFERAT

Plan:	Bruvoll bustadområde		
Møtestad:	Rådhuset	Referent:	Christian Reinshol
Møtedato:	05.12.2017	Referatdato:	05.12.2017

Namn	Firma	Tilstade	Referat til
Christian Reinshol	Lindås kommune	X	X
Hans Kristian Dolmen	Lindås kommune	X	X
Atle Dingen	Lindås kommune	X	X
Vibeke Weglo	Weglo Design, plan og landskap AS	X	X
Kristin S. Nielsen	Lindås kommune		X

Møteplan:

Nr	Tekst	Ansvar	Frist
1	Generelt vart tilbakemelding ved avslag av planen gjennomgått og under kjem fram sentrale punkt som vart gjennomgått.		
2	Utnytting. Antall bustader innanfor planområdet vart drøfta. Ein kom fram til konsentrerte bustader måtte reduserast og evt endre struktur på utforminga, som til dømes rekkehus eller firemannsbustader eller liknande. Maksimalt 16 bueiningar innanfor tidlegare konsentrert bustad. For eine og tomannsbustadtomtene vert desse utvida til å stette krava i kommuneplanen og ein tek ut BFS1 og 6.		
3	Terrengtilpassing/estetikk. Det er sentralt at ein får sikra gode føresegner for terrengtilpassing av bygg, då tomtene ligg eksponert og bratt til. Avgrensingar av skjeringar/fyllingar og murar i størst mogleg grad. Det er mogleg å binde opp meir i illustrasjonsplan og føresegner, Weglo ser på dette. Når det gjeld estetikk er kommunen positiv til at		





	det vert sett krav om einskapleg fargebruk og eventuelle krav til utforming og krav til materialbruk. Krav om type mur kan ikkje setjast, jf tilbakemelding frå plan- og miljøutvalet. Bør vise at det er mogleg å etablere bustader med tilstrekkeleg kvalitet i uteareala, minimum 200 m ² .		
4	Ras/geoteknisk undersøking. Det må utførast geoteknisk undersøking for området opp mot fjellet i reguleringsplanen. I tillegg kjem krav i tilknyting til bygging, spesielt knytt til einebustader ned mot eksisterande bustader.		
5	Veg. Kommunen sine krav vert lagt til grunn, krav om fortau. Vanskeleg å gje tilbakemelding knytt til kryssing av bru over fv 57, men tilpassingar før og etter bruva kan utgreiast.		
6	Vatn og avlaup. Her må ein pårekne at ein må delta inn i nytt kommunalt anlegg for eit større område. Evt påkobilingspunkt ikkje avklart, VA-konsulent tek kontakt med Atle Dingen for meir utgreiingar knytt til dette.		
7	Støy. Må gjerast utgreiing for dei areala som kjem innanfor gul sone, først og fremst bustader BFS1-4 og tilknytt leikeareal. Tomannsbustader kjem heilt i randsona av gul støysone.		
8	Avslutningsvis vart det avtalt at Weglo tar tilbakemeldingane med til oppdragsgjevar og det vert avtalt vidare framdrift etter dette.		

